

Referat frå styremøte i TSG på Nutheim Gjestegard onsdag 11.12.13



Dei som møtte: Ann Kristin, Tor Isak, Jon Aslak, Kirsti, Sigmund, og ref
Torhild
Forfall: Turid

Sak 24/2013 Innkalling og sakliste godkjent med tilleggssaker

Sak 25/2013 Referatsaker:

- Høring om ny erstatningsordning for rovviltskade på husdyr. Det kom innspel frå Kviteseid sau og geit. Jon Aslak oppsummera og sendte innspel til NSG.
- Referat frå samrådsmøte 28.10.13
- Rovviltseminar med rovdryrfokus. Jon Aslak og Ann Kristin deltok. Mange sterke historiar. Alle innlegg ligg ute på nett.
- Vedtak om kvotejakt på gaupe region 2, år 2014

Sak 26/2013 Evaluering av haustsamling 1-2 november
Interessante foredrag. Middels med deltakerar. Aktiviteten på sau gjennom hausten har vore stor. Sett i lys av dette, er deltakertalet ok.
Positive tilbakemeldingar på dagane fredag/laurdag.

Sak 27/2013 Planlegging av årsmøte 2014

- 28 feb-1 mars 2014
- Morgedal Hotel
- Program
 - Hi-tech bonden
Invitere leverandørar til å stille ut og halde foredrag om sine produkt. Det være seg No fence, find my sheep, telespor, kraftfôrautomtar, sankefeller, lammebar mm
Arbeidsfordeling: Jon Aslak tek kontakt med find my sheep, sender eit spørsmål til alle leverandørar av kraftfôrautomatar og lammebar, telespor
Ann Kristin tek kontakt med No fence.
 - Loddsal
 - Årsmøte på laurdag.
 - Heidersdiplom vert tatt opp til vurdering på neste møte.

Sak 28/2013 Årsmelding

- Leiars helsing v/ Jon Aslak
- Rovvilt og beiteutval - Jon Aslak og Sigmund
- Dyrskun, Geiteutstillinga, arbeidsutval for geit – Kirsti
- Klyppekurs – Turid

- Avlsarbeid (kåring og værmønstring) – Jon Aslak og Kari (sekr. Avlsutvalet)
- Rekneskap og budsjett – Tor Isak
- Organisasjon, statistikk og saueprosjekt – Torhild

- Sak 29/2013 Økonomi.
Styrer mot eit overskot i forhold til budsjett. Ryddar i rekneskapet og tapsfører uteståande fordringar. Reiserekningane skal inn før nyttår.
- Sak 30/2013 Fagtur Saueprosjektet i samarbeid med TSG.
Har eit ferdig program for tur til Sveits. 8-12 august 2014
Telemark sau og geit legg inn 45000,- i budsjettet for å subsidiere litt av deltakarprisen. Det ligg også inne budsjettmidlar i saueprosjektet.
- Sak 31/2013 Fotråde i Aust-Agder.
Det er påvist ondarta fotråde i 14 besetningar i Aust-Agder. Fotrådeprosjektet er finansiera vidare. Forslag om at alle medlemmar i værringane, beitelaget i Fyresdal og ein besetning med import av vær frå Rogaland skal snus i januar 2014. Ann Kristin sender Jon Aslak medlemsliste med tlf. nummer. Alle ringleiarane må kontaktast.
- Sak 32/2013 Eventuelt
Opnemning av representantar til “valkomiteen” til gjetarhundrådet i NSG
Vidaresendt til styret i Gjetarhundlaget.
- Brev frå Tinn
Styret i TSG stiller seg bak styret i Tinn sau og geit sitt vedtak om krav til sauekontroll i radiobjølleprosjektet
- Ynskje om klyppekurs i Tinn.
Klyppekurs kan arrangerast i Tinn. Tinn sau og geit må klargjere nok sau, klyppeplass og overnatting. TSG hjelper til med søknader og avtaler med instruktørar.
- Rovvilt: Espen Marker SNO er sitert i avisene angående gaupetap på Nordagutu 5.12.13
Dette bør imøtegåast. Ann Kristin lagar eit lesarinnlegg på vegne av TSG.
- Ann Kristin orientera om Vestheiane Beitelag sin søknad om tap på beite.
- Neste styremøte. 16.01.2014 kl. 14.00
Valkomiteen frå kl. 16.00